



Hardangerrådet iks



Hardanger

REFERAT FRÅ MØTE I RÅDMANNSFORUM

28. januar 2025, 09:00 - 13:00, Formannskapssalen Odda, Ullensvang Kommune

Tilstades: Magnus Steigedal, Eidfjord kommune - leiar
Thore Hopperstad, Ulvik herad
Anita Hesthamar, Kvam herad
Ole-Jørgen Jondahl, Ullensvang kommune

Administrasjon: Ann Irene Eliassen Myrheim

Agenda:

09.00 - 10.00 Rådmannsforum sakshandsaming
10.00 - 11.00 [Nettmøte: Tenk nytt: Om lokal næringsutvikling](#), v/ Initiativ Vest
11.00 - 12.00 Rådmannsforum sakshandsaming
12.00 - 13.00 Lunsj

Sakliste Rådmannsforum:

RF-sak 01/25 Hardingtinget 2025

Drøftingssak:

Hardingtinget, torsdag 13. februar 2025 på Thon Hotel Sandven, Norheimsund
Administrasjonen må snarast senda ut invitasjon til politikkarane med sakliste.

Program for Hardingtinget 2025

Hardanger idag

- Hardangerrådet
- Team Hardanger samarbeid
- Visit Hardangerfjord- ny reiselivsstrategi
- Besøksforvaltning - Britt Dalland
- Hardanger og Voss ungdomsråd
- Fjernarbeid - Fase 2 nye moglegheiter for distrikt v/Norce

Utfordringar i Hardanger

- Rådmannsforum - administrative utfordringar
v/Leiar Rådmannsforum Magnus Steigedal
- Paneldebatt - Val 2025 Politisk viktig framover
v/paneldebattleiar v/Hordaland Folkeblad v/Sigbjørn Linga

Forslag til møteleiar og leia debatten; Hordaland Folkeblad v/Sigbjørn Linga.

RMF sender over innspel til Leiar (Magnus) med dei utfordringane administrasjonane står i framover.

Vedtak:

Drøftingssak uten framlegg til vedtak.

RF-sak 02/25 Hardangerkonferansen 2025

Drøftingssak:

Innspel til agenda, tema og føredragshaldarar.

Vedtak:

Drøfting uten framlegg til vedtak.

RF-sak 03/25 Årshjulet Rådmannsforum

Årshjul for RMF 2025

Dato	Klokkeslett	Stad	Fellesmøte med
26. mars 2025	13:00 - 15:00	Digitalt	
23. april 2025	13:00 - 15:00	Digitalt	
03. juni 2025	09:00 - 15:00	Fysisk møte	Team Hardanger
11. sept 2025	13:00 - 15:00	Digitalt	
21. oktober 2025	13:00 - 15:00	Digitalt	
10. desember 2025	09:00 - 12:00 12:00 - 15:00	Fysisk møte	Felles møte med Hardangerrådet

Sak 04/25 Nye felles prosjekt

Drøftingssak:

Moglege prosjekt vert tekne inn i sakskartet til RMF utover våren/sommaren.

Vedtak:

Drøftingssak uten framlegg til vedtak.

Sak 05/25 Rolleavklaring og aktivitet

Drøftingssak:

Forventingsavklaring frå Rådmannsforum;

Rådmannsforum ønsker fleire berøringspunkt med regionrådet og Team Hardanger.

Det er viktig å vera tilstades som Hardanger på regionale og nasjonale arenaer som fylkestinget i VLFK. Regionrådet bør vera tilstades på møter i fylkestinget i VLFK, gjerne med ordførarrepresentasjon. Få fokus mot Hardanger.

Fylkestinget har møter 18-19. mars, 17-18. juni, 1-2. oktober og 9-10. desember 2025

Hardangerrådet organisering og administrasjon;
Rolleravklaring - arbeidsoppgåver;
Aktivitetsplan for Hardangerrådet formidlast til RMF for uttale og innspel.
Kva treng TH frå RMF og kva treng RMF frå TH?

Vedtak:

Drøftingssak uten framlegg til vedtak

**RF-sak 06/25 Aktuelle saker i kvar kommune/herad.
Runde rundt bordet**

Utsett til neste møte.

RF-sak 07/25 Orienterings- og drøftingssaker

Utsett til neste møte.

Kinsarvik, 30.01.25
Ann Irene Myrheim
ref.